

Samspel mellom barnehagelærarar og fleispråklege barn

Langeloo, A., Lara, M. M., Deunk, M. I., Klitzing, N. F. & Strijbos, J-W. (2019). A Systematic Review of Teacher-Child Interactions With Multilingual Young children. *Review of Educational Research*, 89(4), 536-568.
<https://doi.org/10.3102/0034654319855619>

Bruk av ikkje-verbal kommunikasjon og morsmål i barnehagen hjelper fleispråklege barn i læringa deira. På same tid viser fleire studiar at desse barna ikkje får dei same læringsmoglegheitene i barnehagen som einspråklege barn.

Dette forskingsnotatet er eit samandrag av eit systematisk kunnskapsoversyn¹ av 31 studiar som utforskar det språklege samspelet mellom barnehagelærarar og fleispråklege barn. Resultatet syner at samspelet mellom barn og vaksne på fleire områder er det same for fleispråklege og einspråklege barn. I tillegg bruker barnehagelærarar fleire strategiar for å støtte utviklinga til dei fleispråklege barna, som ikkje-verbal kommunikasjon (mellom anna gestikulering og konkretar) og bruk av morsmål. Likevel syner forskinga også at fleispråklege barn ikkje alltid får dei same læringsmoglegheitene som einspråklege barn. Mellom anna bruker barnehagetilsette eit enklare språk og involverer barna mindre når dei snakkar til fleispråklege barna samanlikna med einspråklege barn.

Bakgrunn

Globalisering og immigrasjon har ført til ein auke av fleispråklege barn i barnehagar i vestlege land. Desse barna har ofte dårlegare ferdigheiter i majoritetsspråket, både når dei startar og sluttar i grunnskulen, samanlikna med einspråklege barn. Ifølge Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell blir mennesket forma i eit samspel mellom enkeltindivid og miljøet rundt, også kalla proksimale prosessar. Slike prosessar mellom barn og dei næraste omsorgspersonane, som dei tilsette i barnehagen, kan få stor positiv eller negativ påverknad på utviklinga til barnet. Korleis ein barnehagelærar klarer å tilpasse læringa til kvart individuelle barn, er ein avgjerande faktor for barnet si utvikling av akademiske, kognitive og sosiale evner. Fordi fleispråklege barn tar med seg mangfald inn i barnehagen, er det sannsynleg at dei vaksne utviklar eit anna samspel med desse barna enn med einspråklege barn.

Føremål

Fleispråklege barn som startar i barnehagen har både ein annan språkleg bakgrunn og ofte ei annleis språkleg utvikling enn einspråklege barn. Derfor meiner forfattarane av dette kunnskapsoversynet det er nødvendig å undersøke kva som kjenneteiknar samspelet mellom desse barna og dei tilsette i

¹ **Systematisk kunnskapsoppsummering/-oversyn:** Ei systematisk kunnskapsoppsummering tar utgangspunkt i et klart definert forskningsspørsmål eller mål og bruker systematiske og eksplisitte metodar for å identifisere, velje ut og kritisk vurdere relevant forskning, samt for å samle inn og analysere data frå studiane som er inkluderte i oppsummeringa. Kunnskapsoppsummeringa resulterer ofte i eit systematisk kunnskapsoversyn, som regel ein artikkel eller ein rapport, som gir eit oversyn over temaet eller svar på forskningsspørsmålet.

barnehagen. I tillegg utforskar artikkelen korleis dette samspelet skil seg frå sampelet mellom barnehagetilsette og einspråklege barn.

Inkluderte studiar

For å bli inkludert i kunnskapsoppsummeringa måtte studiane 1) vere empiriske², 2) fokusere på samspel mellom barnehagelærar og barn og 3) studere fleirspråklege småbarn (opp til sjuårsalderen). Dei inkluderte studiane måtte i tillegg vere publisert mellom 1990 og 2016 på engelsk eller nederlandsk. Fleirspråklege barn blei definert som barn som snakka morsmålet sitt heime og lærte eit majoritetsspråk i barnehagen.

Etter eit systematisk søk i relevante databasar analyserte og oppsummerte forfattarane 31 studiar. Dei fleste av studiane hadde eit kvalitativ design ($N = 21$)³ og kom frå engelskspråklege land som USA, Storbritannia, New Zealand og Australia ($N = 28$). Studiane fokuserte i hovudsak på fleirspråklege barn med låge ferdigheiter i majoritetsspråket. Dei fleste barna var mellom fire og seks år gamle.

Resultat

Resultata av kunnskapsoppsummeringa viser at både fleirspråklege og einspråklege barn har samspel av høg kvalitet med barnehagetilsette, der dei vaksne oppmuntrar barna til å delta i samtalan. Eit trygt læringsmiljø med faste rutinar bidrog til ei positiv språkutvikling hos barna i desse studiane. Faste rutinar gjorde det også mogleg for fleirspråklege barn å forstå kva som skjedde i læringssituasjonar utan å fullt ut forstå språket. Barn i barnehagar der dei tilsette brukte eit meir variert og komplekst språk saman med barna, viste større språkleg utvikling. Barnehagelærarar som utfordra barna til å gje meir enn ja-og-nei-svar, opna opp for samtalar med barna. Bruk av ikkje-verbal kommunikasjon, som gestikulering eller bruk av konkretar, hjelpte også fleirspråklege barn med å følgje med i og forstå den språklege samhandlinga. Nokre tilsette tok utgangspunkt i kulturen og morsmålet til dei fleirspråklege barna for å støtte dei i læringssituasjonar.

Fleire av studiane konkluderte samstundes med at fleirspråklege barn ikkje alltid fekk dei same moglegheitene til å utvikle majoritetsspråket som einspråkleg barn. Mellom anna ga dei tilsette mindre språkleg støtte til dei fleirspråklege barna. Dei vaksne snakka ofte til desse barna i eit enklare språk med kortare setningar og mindre variert ordforråd. Dette resulterte i at barna speila dette språket i sampelet med andre i barnehagen og i at dei svarte kort og lukka i samtalar med dei vaksne.

Implikasjonar

Forfattarane meiner dette kunnskapsoversynet har fleire konsekvensar for praksisfeltet. For det første framhevar dei kor viktig det er for tilsette i barnehagen å støtte opp om det språklege samspelet med fleirspråklege barn som har lite ferdigheiter i majoritetsspråket. Dette kan dei mellom anna gjere med å bruke ikkje verbal kommunikasjon, skape faste læringsrutinar eller, der det er

² **Empirisk:** Nemning på studiar og resultat som er baserte på forsøk eller observasjonar og ikkje berre resonnering eller logikk.

³ **Kvalitative data:** Representasjonar av menneske sine handlingar, utsegn og kultur, hovudsakeleg representert som tekst (henta inn gjennom observasjonar, intervju o.l.). Målet med forskning basert på kvalitative data er ofte å gjera reie for aktørane forståing og intensjonar (meningssamanhengar).

mogleg, bruke barna sine morsmål i barnehagen. For det andre understrekar forfattarane at barnehagelærarar, når dei tilpassar læringsaktivitetar til evnene og behova til ulike barn, må unngå å skape skeivskap i læringsmoglegheitene til fleispråklege barn. Forfattarane hevdar at dersom fleispråklege barn alltid får mindre utfordrande oppgåver og aktivitetar enn dei andre barna, vil utviklingsgapet mellom einspråklege og fleispråklege barn berre auke. Til slutt legg forfattarane av kunnskapsoversynet vekt på at inkludering i ei språkleg mangfaldig barnegruppe krev at dei barnehagetilsette er klar over moglege forskjellar mellom majoritetskulturen og heimekulturen til dei fleispråklege barna. Desse forskjellane spelar ei viktig rolle i korleis fleispråklege barn tilpassar seg barnehage- og skolekulturen og er viktige å vere klar over for å skape eit inkluderande læringsmiljø.